



Meir norsk mjøl, brød og bakevarer til folket

Noreg importerer i dag mellom 30 og 60 prosent av matkornet vårt. Kornet kjem for det meste frå Sverige, Polen og Tyskland. I år med dårleg ver og vanskelege haustetilhøve, går den norske delen drastisk ned. Då er berre 30 prosent av matkornet vårt norsk.

Kornbransjen har gått saman om "Matkornpartnerskapet". Målet er å auka sjølvforsynings­grada på matkorn frå 50 til 90 prosent innan 2030. Slik styrkjer vi nasjonal mattryggleik, beredskap og norsk matkultur.

For å nå målet, treng vi politisk vilje og sterk forbrukarmakt.

Manglande merking skjuler sanninga

Dei tre store daglegvarekjedene styrer marknaden gjennom eigne merkevarer og bakeri. Styresmaktene stiller strenge krav til opphavsmerking på kjøt og grønnsaker. For kornprodukt finst det ingen slike reglar. Forbrukarar får sjeldan vita kor kornet i brødet kjem frå. Det er i dag langt mellom produkt merka med "Nyt Norge".

Daglegvarekjedene følgjer nøye med på kundane si åtferd. Når vi krev endring, må kjedene lytta.

Norges Bygdekvinne­lag krev og oppfordrar til følgjande tiltak:

- **Krav til styresmaktene:** Styresmaktene må innføra påbod om opphavsmerking for mjøl, brød og bakevarer. Regelverket må bli likt som for kjøt og grønnsaker.
- **Press på daglegvarekjedene:** Vi krev betre informasjon om kor råvarene kjem frå og eit langt større utval av norske kornprodukt i butikkane.
- **Støtte til lokale møller:** Vi oppfordrar alle til å kjøpa mjøl direkte frå lokale møller. På den måten tek vi vare på lokal matkornproduksjon, lokal kunnskap og arbeidsplassar i distrikta.
- **Skyldnad frå bransjen:** Vi skal halda aktørane i Matkornpartnerskapet ansvarlege. Vi krev konkrete tiltak som gjer 90 prosent sjølvforsyning i 2030 til verkelegheit.